

Følgjande forslag framsett av Helge Espelid blir oversendt til administrasjonen:

1.

- a) Dei overordna prinsippa for funksjonsfordeling innan nevrokirurgi som styret vedtok i sak 64/02 ligg til grunn for presiseringane i dette vedtaket. Funksjonsfordelinga innan nevrokirurgi mellom Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF skal vere i samsvar med vedlagde liste, med unntak av dei inngrepa som er omtalte i punkt 2b.
- b) Alle barn med nevrokirurgiske problemstillingar blir førebels viste til HUS. Barn med tilstandar som er definerte som "landsfunksjonar" kan visast til Rikshospitalet.
- c) All Parkinson-kirurgi skal utførast ved HUS.

2.

Det skal utarbeidast ei ny eiga samarbeidsavtale mellom Helse Bergen og Helse Stavanger.

Følgjande punkt skal inngå i avtala:

- a) Det skal vere eit nært og gjensidig forpliktande fagleg samarbeid mellom dei to nevrokirurgiske avdelingane. Dette skal mellom anna skje gjennom felles faglege retningslinjer, prosedyrar, rutinar for kvalitetssikring og evaluering av behandlingsresultat. Haukeland Universitetssjukehus skal ha eit hovudansvar for dette.
- b) Det blir opna for elektive kraniotomiar ved Stavanger Universitetssjukehus i eit nærmare avtalt avgrensa omfang (metastatisk sjukdom/ glioblastomar), og på ein slik måte at omsynet til kvaliteten på pasientbehandlinga blir teken vare på ved både Haukeland Universitetssjukehus og Stavanger Universitetssjukehus. Hovudansvaret for kvalitetssikring av behandlingstilbodet blir lagt til nevrokirurgisk avdeling ved Haukeland Universitetssjukehus.
- c) Det skal skje utveksling av personell mellom avdelingane. Dette skal omfatte både legespesialistar og legar under spesialisering.
- d) Arbeidet med samarbeidsavtala skal forankrast i toppleiringa i hekseføretaka. Helse Vest vil ta initiativ til og leie arbeidet.

3.

SUS skal ikkje utvikle ei full nevrokirurgisk avdeling

4.

Den etablerte oppgåvedelinga blir vidareført inntil den nye avtalen trer i kraft.

5.

Ordninga skal evaluerast etter eit halvt år. Dersom resultata ikkje er i tråd med pkt 1 til 4 i vedtaket, og resultata av evalueringa av behandlingskvaliteten ikkje er tilfredstillande, skal alle planlagde kraniotomiar utførast i Helse Bergen HF. Vidare skal årsak til evt. avvik kartleggjast slik at naudsynte administrative tiltak kan iverksetjast for at dei andre delane av avtalen (neurokirurgi utan kraniotomiar) vert gjennomført etter intensjonen.

6.

Helse Stavanger HF skal ha rekrutterings- og arbeidsgjevaransvar for nevrokirurgar i eige føretak